


LANDSDELAR OG FYLKE I NOREG



Noreg har fem landsdelar. Lengst nord ligg Nord-Noreg. Midt i landet ligg Trøndelag. I vest ligg Vestlandet, og i aust ligg Austlandet. Landsdelen som ligg lengst mot sør, blir kalla Sørlandet.

Kvar landsdel er delt inn i fylke. Noreg har 11 fylke.

Nord-Noreg

Nord-Noreg ligger lengst nord og faktisk òg lengst aust i Noreg.

Landsdelen består av dei to fylka Troms og Finnmark og Nordland.

Dersom du kjem til Nord-Noreg i desember eller januar, kan du oppleve mørketida. Mørketid er når sola er under horisonten heile døgnet. I Nord-Noreg kan ein sjå nordlys om vinteren.



Nordlys. Foto: Pxhere.com

Om sommaren kan ein oppleve midnattssol i Nord-Noreg. Midnattssol er når sola ikkje går ned og noko av solskiva er synleg over horisonten heile døgnet.

Troms og Finnmark

Troms og Finnmark ligg aller lengst mot nord og aust og grensar mot Russland, Finland og Sverige. Tromsø er den største byen i Troms og Finnmark. Noregs nordlegaste punkt, Knivskjellodden, ligg i Troms og Finnmark. Nordkapp, som ligg nesten like langt nord som

Knivskjellodden, er meir kjend. Nordkapp er eit kjent turistmål i Noreg.



Nordkapp. Foto: Andrea Armyagov, Adobestock

Hammerfest, som er den nordlegaste byen i verda, ligg i Troms og Finnmark.

Nordland

Nordland er eit langt og smalt fylke som grensar til Sverige. Bodø er den største byen i Nordland.



Skrei heng til tørk på ein hjell. Kjelde: Nærings- og fiskeridepartementet

Lofoten ligg i Nordland og har mange øyar. Lofotfisket går føre seg i Lofoten frå januar til april. Under lofotfisket blir det fanga store mengder skrei. Skrei er ein type torsk som lever langt nord i Barentshavet.

Frå januar til april sym skreien til Lofoten for å leggje egg. Mykje av skreien blir tørka. Fisk som er tørka, blir kalla tørrfisk. Det meste av tørrfisken blir eksportert til andre land, til dømes Italia og Nigeria.

Den nordlege polarsirkelen går gjennom Nordland. Nord for polarsirkelen er det mørketid og midnattssol. Jo lenger nord ein kjem, jo fleire døgn er det med midnattssol og mørketid. På Nordkapp er det mørketid frå 20. november til 22. januar og midnattssol frå 14. mai til 29. juli.

Trøndelag

Trøndelag ligg midt i landet og er både ein landsdel og eit fylke. Denne landsdelen blir òg kalla Midt-Noreg. Trøndelag har både lange fjordar og høge fjell. Den lengste fjorden er Trondheimsfjorden. Trollhetta er det høgste fjellet. Trøndelag grensar til Sverige.

Den største byen i Trøndelag er Trondheim. Trondheim er den tredje største byen i Noreg. Nidarosdomen er hovudkyrkja i Trøndelag. Kyrkja blei bygd over grava til Olav den heilage. Olav den heilage var ein vikingkonge. Han levde rundt år 1000. Han hadde vore i andre land i Europa og fått høyre om kristendomen. Han bestemte at

Landsdelar og fylke i Noreg – nynorsk

kristendom skulle vere den einaste tillatne religionen i Noreg. Nidarosdomen ligg i Trondheim.



Nidarosdomen. Kjelde: Pixabay.com

Røros er ein by i Trøndelag. Røros ligg høgt oppe i Rørosfjella. Byen ligg der han ligg fordi dei fann kopar i fjellet der i 1644. Det blei starta kopargruver. Folk flytta til Røros for å arbeide i gruvene. Slik voks Røros by fram.



Røros. Foto: Lars Geithe, Flickr

Austlandet

Austlandet er den landsdelen som har flest fylke. Fylka på Austlandet er Oslo, Vestfold og Telemark, Viken og Innlandet. Austlandet er den mest folkerike

landsdelen i Noreg med over 2,5 millionar innbyggjarar. Dette tyder at nesten halvparten av menneska i Noreg bur på Austlandet.

Glomma er Noregs lengste elv. Glomma er 619 kilometer lang og renn frå Trøndelag i nord til sør på Austlandet og har utløpet sitt i Fredrikstad.



Glomma har utløpet sitt i Fredrikstad. Kjelde: Wikipedia

Dei høgste fjella i Noreg ligg på Austlandet. Galdhøpiggen er Noregs høgste fjell. Fjellet er 2469 meter høgt. Det tyder at toppen av Galdhøpiggen ligg 2469 meter over havet.



Galdhøpiggen. Kjelde: Wikimedia Commons



Mjøsa. Kjelde: Wikipedia

Oslo

Oslo er Noreg sin hovudstad og den største byen i landet. Oslo er eit eige fylke og ligg inst i Oslofjorden. Slottet, Stortinget og regjeringa er i Oslo.



Stortinget. Foto: Sergii Figurmyi, Adobestock

Vestfold og Telemark

Vestfold og Telemark fylke strekkjer seg frå kysten og opp til høgfjellet.

Det høgste fjellet i Vestfold og Telemark er Gaustadtoppen. Gaustadtoppen ligg i Rjukan og er 1883 meter over havet.



Gaustadtoppen. Nede i dalen ser vi Rjukan by. Foto: Eystein M. Andersen, Riksantikvaren, Flickr

Farrisvatnet ligg i Vestfold og Telemark fylke. Farrisvatnet har gjeve namn til mineralvatnet Farris. Farris kjem ikkje frå Farrisvatnet, men blir tappa frå kjelder under skogbotnen i bøkeskogen i nærleiken.



Bøkeskogen i Larvik. Foto: Jostein, Adobestock

Tønsberg ligg i Vestfold og Telemark og er Noregs eldste by. Byen blei grunnlagd rundt år 870. Slottsfjellet, som er den største ruinbyen i Nord-Europa, ligg i Tønsberg.



Slottsfjellet i Tønsberg. Foto: Celine, Adobestock

Viken

Viken fylke er det mest folkerike fylket i Noreg. Fylket grensar til Sverige. Viken strekkjer seg frå Oslofjorden opp til fjellet,

Landsdelar og fylke i Noreg – nynorsk

og frå grensa mot Sverige til midten av Sør-Noreg.

Dei største byane i fylket er Drammen, Lillestrøm og Fredrikstad.

Innlandet

Innlandet er det einaste fylket som ikkje har kystlinje. Fylket grensar til Sverige.

Noregs største innsjø er Mjøsa. Mjøsa ligg i Innlandet fylke. Mjøsa er kjend for Skibladner. Skibladner er det eldste skipet i Noreg som framleis er i drift. Skibladner seglar mellom Eidsvoll, Hamar, Lillehammer og Gjøvik.



Skibladner er eit dampskip. Foto: Mahlum, Riksantikvaren

Sørlandet

Sørlandet har berre eitt fylke, nemleg Agder. Sørlandet har ein fin skjergard med øyar, holmar og mange badeplassar.



Skjergard. Kjelde: Flickr.com

Den største byen på Sørlandet er Kristiansand. Den største dyreparken i Noreg ligg i Kristiansand. Den heiter Kristiansand dyrepark, men folk kallar den ofte berre for Dyreparken.



Lemurar i Kristiansand dyrepark. Foto: Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vestlandet

Fylka på Vestlandet heiter Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland.

Vestlandet er verdskjent for dei lange fjordane og dei høge fjella. Noregs lengste fjord, Sognefjorden, ligg på Vestlandet. Den er 204 kilometer lang.



Balestrand ligg ved Sognefjorden. Foto: mariusltu, Adobestock

Nesten alle byane på Vestlandet ligg langs kysten. Dei største byane i denne landsdelen er Bergen, Stavanger, Ålesund og Haugesund.

Rogaland

Den største byen i Rogaland er Stavanger. Det blei funne olje i Nordsjøen på slutten av 1960-talet. Det blei bestemt at hovudkontoret for oljeindustrien skulle liggje i Stavanger. I starten var der fire tilsette. Ein av dei kjem frå Irak og heiter Farouk Al-Kasim.



Oljeplattform. Foto: Wikipedia

Vestland

Den største byen i Vestland er Bergen. Bergen er den nest største byen i Noreg og blir ofte kalla for Vestlandets hovudstad.

Bryggen i Bergen er ein kjend stad i Bergen.



Bryggen i Bergen. Foto: Michelle Maria, Pixabay

Det er mange isbrear i Noreg. Ein isbre er eit stort område av is. Nokre stader er det så kaldt om somrane at snøen ikkje smeltar. Då blir det meir og meir snø for kvart år. Etter kvart blir snøen til is. Når området med is blir så stort og tungt at det byrjar å skli nedover fjellsida, er det ein isbre.

Jostedalsbreen er den største isbreen i Noreg. Jostedalsbreen ligg i Vestland fylke.



Jostedalsbreen. Foto: Tania Zbrodtko, Adobestock



Ei vidde er eit ganske flatt område som ligg i eit fjellområde. Det veks ikkje tre på vidda, berre busker.

Hardangervidda er den største vidda i Noreg. Den ligg i fylka Vestland, Viken og Vestfold og Telemark.




Hardangervidda. Foto: By-studio, Adobestock

Møre og Romsdal


Dei største byane i Møre og Romsdal er Ålesund, Molde og Kristiansund.

Noregs høgste fossefall ligg i Møre og Romsdal og heiter Vinnufossen. Den mest kjende fossen er Vøringsfossen. Den ligg i Vestland fylke. Det er ikkje så mykje vatn i dei høgste fossane i Noreg.



Figur 1 Vinnufossen. Foto: Carl S Bj, Wikipedia

Midsundtrappa er ei steintrapp med 2200 trappetrinn. Den blei bygd av sherpaer frå Nepal.



Steintrapp. Foto: Arild, Adobestock

